


Nysæter kyrkjelyd
Årsmelding

2021



" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "
- Visjon Nysæter kyrkjelyd

Visjonen til Nysæter kyrkjelyd lyder slik: «Nysæter kyrkje – ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand». Dette har også i 2021 vore utgangspunktet for arbeidet i kyrkjelyden. Eit år med varierte aktivitetar, men som også har vore prega av eit annleis arbeidsår.



NYSÆTER	2018	2019	2020	2021
Døypte	21	38	21	30
Konfirmerte	34	24	34	33
Vigsler	1	1	2	2
Gravferd	14	21	14	14
Gudstenester	58	51	56	64
Deltakrarar	6 080	5 494	3 098	3186
Takkoffer	223 704	223 954	144 955	134738
Utmeldingar	7	16	13	21
Innmeldingar	1	3	1	3

Årsmelding Soknerådet 2021

Soknerådet har i 2021 hatt denne samansetninga:

Faste medlemmer:	
Marit Stalheim Grimstad	Leiar / medlem i gudstenesteutvalet og fellesrådet
Oddbjørg K. Løkling	Nestleiar / møtebokførar og medlem i trusopplæringsutvalet
Marta Kristin Valvatne	Medlem i diakoniutvalet
Katrine Valvatne Kvernenes	Medlem i trusopplæringsutvalet
Jens Arne Stautland	Medlem i gudstenesteutvalet og fellesrådet
Heine Kaldefoss	Medlem i kulturutvalet
Jørgen Knudsen	Sokneprest i Nysæter
Varamedlemmer:	
Karen Marie Valvatne	Medlem i kulturutvalet
Ingebjørg Grønsdal	Medlem i diakoniutvalet
Randi Bod Haugsdal	Misjonskontakt
Ståle Betten	Representant i Sagvåg forum
Kristine Wiersen	

Arbeidet i soknerådet

Soknerådet hadde i 2021 8 møte og handsama 52 saker. Nysæter sokn har eit aktivt og engasjert sokneråd. Dei samarbeider godt, består av medlemmer med ulik kompetanse og vil det beste for kyrkjelyden. Me er glade for eit godt samarbeid med sokneprest og dei andre tilsette i staben på kyrkjekontoret.

Soknerådet og kyrkjelyden sitt arbeid vart også dette året prega av Covid 19 pandemien. Fleire av møtepunkta for kyrkjelyden og trusopplæringa vart endra. Noko vart avlyst eller utsett, medan andre arr. var det færre som kunne møtast. Det å vere usikker på om me kan møtast, og når me kan, så må me halde avstand. Dette gjer noko med møtepunkta våre. Mange vel å ikkje kome. Dei er sårt sakna. Me i soknerådet vil gje honnør til dei tilsette. Me ser at det har vore krevjande for dei å måtte avlyse, omorganisere eller setja på vent fleire av T tiltaka.

Diakoni er kan hende det området som har lidd mest dette året. Det å vere til stades i andre menneske sitt liv gjennom å kunne møtast, har vore vanskeleg. Me vonar at året som ligg framfor vert annleis i så måte.

Midt i alt er me glade for dei arrangementa og møtepunkta me har klart å samle kyrkjelyden til.

- I påskeveka var det open kyrkje
- Fleire av søndagane der det ikkje var gudsteneste, opna me kyrkja
- 13. juni hadde me familieday på Litlabø gruveområde i samarbeid med venelaget
- Tilpassa møtepunkt i fleire av T- tiltaka
- Gudsteneste med utvida kyrkjekaffi då me «opnar opp att» i september.
- Me har hatt fokus på kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Estland og fleire ofringar til misjonsprosjektet.
- 23.oktober gjennomførte kyrkjeringen i samarbeid med soknerådet ei vellukka basar med stor oppslutnad. Det kom inn kr 109.548.

Litt meir om det soknerådet har vore opptatt av i året som ligg bak oss:

Nysæter kyrkje -30 år.

Det vart i løpet av hausten skipa til fleire arrangement som på ulikt vis markerte at me har hatt kyrkje i Sagvåg og Litlabø i 30 år.

Me er glad for å kunne vise ulike bilete frå byggeprosessen i ei lita utstilling i foajeen i kyrkja. Det var jubel i koret Sanctus då dei endeleg fekk gjennomført «Messe for en såret jord». Lars Meland hadde sofaprat med reidar Ådnanes i ein «puls på livet» kveld. Me var også glad for at Sagvåg musikklag klarte å gjennomføre ein fantastisk jubileumskonsert. Diverre måtte me utsette sjølve jubileumsveka grunna restriksjonar.

OVF- midlar

Grunna restriksjonar har me ikkje fult ut kunne gjennomføre alle måla som vart sett opp då me fekk tildelt OVF midlane. Kort oppsummert kan me nemne:

- * «Mat og prat for småbarnsforeldre» har vorte realisert. Dette arbeidet er no i gang, og ansvaret er fordelt på tilsette og friviljuge.
- * «Kyrkjemiddag» vart vanskeleg å gjennomføra i pandemien. Mat, mingling og smittevern gjorde det litt umogeleg.
- * «Aktivitetsdag» ved skulefri har lukkast. Dette har vorte prøvd ut ved fleire høve. Stab og friviljuge har lagt ned eit stort arbeid. Oppslutnaden har vore god.
- * «Puls på livet» er eit vellukka arrangement. Spanande program for eit breitt publikum har vorte presentert, og noko av det har late seg gjennomføre, medan noko har blitt sett på vent.

Elles kan me nemne at prosjektet vårt har synt oss kor viktig det er å heile tida prøve å vere kyrkje for folket der vi er sette. Heile tida søkje å finne den gode møtestaden, og vere noko og gjere noko for sambygdingane våre. Vidare har det saman med mykje anna vorte med å generere eit systematisk arbeid rundt alt det som har med det frivillige å gjere. Vi har særleg fokusert på metoden «Use your talent». Dette har resultert i eit flott ungdomsdiakonalt arbeid, «etter skuletid», som er leksehjelp for ungdomskulelevar.

Ny kyrkjeordning:

Arbeid med den nye kyrkjeordninga er den saka me i soknerådet har brukt mykje tid på, og som har skapt stort engasjement i møta våre. Hovudfokus her er mellom anna kven som skal ha arbeidsgjevaransvar i kyrkja framover.

Det er ei krevjande sak som er omfattande og samstundes ikkje ferdig utgreidd. For sokneråda er det viktig å forstå korleis dette skal fungere lokalt. Me er spent på korleis prosessen vidare vil gå føre seg, og kva konsekvensar dette vil få for kyrkja lokalt. For dei med særskild interesse for saka viser me til kyrkjerådet sine nettsider.

Frivillige medarbeidarar

Me er ei aktiv kyrkje der det skjer mykje og der mange er engasjert som frivillige medarbeidarar. I dette annleisåret vil me også i år gje ei stor takk til alle de som på ein eller annan måte gjer teneste knytt til arbeidet i kyrkja, anten det er oppgåver i tilknyting til gudstenesta, diakoni, trusopplæring eller andre møtepunkt.

Særskilt tilskot frå kyrkjerådet /koronamidlar. Den norske kyrkje ved kyrkjerådet har tildelt fellesrådet særskilt tilskot til frivillig innsats i kyrkjelyden i Den norske kyrkje grunna covid-19 utbrotet. Soknerådet har søkt og fått 20 000. Desse midlane vert nytta til meirkostnader og/eller mindreinntekter for Sanctus (messe for en såret jord) og T – tiltak (konfirmantarbeid) som følge av covid-19-utbrotet i perioden.

Godkjenning av Ny ordning for gudstenesta i Nysæter sokn: Ordninga er godkjend etter at me har gjort nokre små endringar. Dette handlar hovudsakleg om plassering av nokre av dei liturgiske ledda.

Misjonsprosjektet i Estland

Nysæter kyrkje har misjonsprosjekt «Kyrkjeplanting i Estland» i samarbeid med NMS. Me har også i 2021 hatt fokus på misjonsprosjektet. Mellom anna vart det arr. Kyrkjekaffi på Valvatna gard 02.05 2021 med sal av mat, inntektsgjenvante aktivitetar for born og vaksne og litt orientering om prosjektet vårt. Her kom det inn kr 10.000. Samla kom det i 2021 inn kr 32 873,00 til misjonsprosjektet. Me hadde besøk av Roar Vik frå NMS i gudstenesta og han gav oss oppdatering på arbeidet NMS gjer i Mustame og Saku.

Oppsummering og tankar for 2022

Soknerådet har ansvar for arbeidet som skjer i kyrkjelyden og tek avgjersler på vegne av kyrkjelyden. Me ynskjer at unge og eldre skal kjenne seg heime i kyrkja, vekse i tru og oppleve fellesskap med kvarandre i ulike møtepunkt gjennom veka. Me vonar at fleire skal oppleve eit godt fellesskap i kyrkja, at alle skal bli sett og verdsett. Får me til ein kyrkjelydsfest i løpet av året? Vonar og at me kan markere 30 års jubileet i ei eiga gudsteneste.

Marit Stalheim Grimstad - leiar i soknerådet

Årstankar frå soknepresten 2021

Corona-året

Mykje spennande har skjedd siste året. Slik pleier årsrapportane mine ofte begynne. 2021 vart eit i overkant spennande eller annleis år. Ingen av oss hadde vel sett at vi skulle få pandemi og ei delvis stenging eit år til og gå på sparebluss store deler av året.

Mykje av planane vart lagt vekk eller måtte omarbeidast, og nye arbeidsmåtar innførast innanføre strenge smittevern reglar dette året og. Vi opna og stengte fleire gonger.

Konfirmasjonar vart stort sett avvikla i haust. Årets konfirmantførebuing har vorte redusert, grunna smitteutbrot og tidvist «raudt» nivå på ungdomskulen

Mange utsette dåp og vigslle. Dette ser det ut til at vi tek inn igjen i løpet av 2022

Gravferder vart gjennomførte, i periodar med kun høve til sterkt redusert frammøte.

Kyrkjekontor vart tidvis bytta ut med heimekontor, og telefonen og nett vart eit viktig verktøy.

Soknerådet sitt arbeid vart noko redusert, men sakshandsaming og forvaltning fekk no gå sin gang. Storsatsinga på 30-års-jubileet for vigslinga av kyrkja vart noko amputert, men vi gler oss over dei arrangementa som vart gjennomførte. Gudstenesta

Utfordringane framover er først og fremst å starte opp att arbeidet og tenesta mellom folket i bygdene våre. Dette gjeld i høve friviljuge, gudstenestedeltaking og særleg satsinga på å knytte kontakt med barnefamiliar og å vere på banen med eit solid tilbod til ungdom. Her er «etter skuletid» eit kjærkome tilskott til verksemda.

Vidare voner eg at den digitale satsinga vi vart tvinga til å gjennomføre kan takast med vidare til nytenking og velsigning for kyrkjelydsarbeid

Statistikken for 2021 syner at Nysæter kyrkjelyd var prega av Korona-restriksjonane, og er ikkje særleg nyttige for anna enn å talfeste det som skjedde eit annleis år.

Det er fint å vere prest i Nysæter kyrkjelyd – ein heim for alle, der finn vi tru, håp og kjærleik i Guds hand.

Jørgen Knudsen
Sokneprest i Nysæter

Årsmelding kyrkjemusikk 2021.

Året 2021 vart som 2020 eit ganske uvanleg år i Nysæter sokn når det gjeld det kyrkjemusikalske. Heile våren 2021 var det koronanedstenging, så det me fekk gjennomført av gudstenester var små samlingar med inn til 10 personar. Musikklivet vart prega av dette.

Eit unntak var ein digital påskesong på 1.påskedag kveld, der underteikna saman med Liv Kari Bru og tre musikarar (Kristina F.Nicholls, Rune Koppang og Sigurd H.Aadland) og ti kyrkjelydssongarar gjennomførte denne. Dette vart ei fin samling som vart streama.

Koret Sanctus skulle etter planen gjennomføra den fleire gonger utsette Messe for en såret jord i mai, men denne vart utsett for tredje gong grunna koronasituasjonen våren 2021. Endeleg i november vart Messa gjennomført med Sanctus, ti ekstrasongarar og band sett saman av tangent, gitar, bass, iolinist, slagverk og songsolist under leiing av kapellmeister Øystein H.Aadland. Liturg var Jørgen Knudsen. Dirigent for det heile var kantor Bjarte Aadland. Dette vart ei flott oppleving med mange frammøtte, ikkje minst grunna alle utsetjingar var det fint å få gjennomført på ein god måte. Konsertmessa markerte og 25 årsjubileum for koret Sanctus og var del av kyrkja si 30-årsmarkering. Kyrkjesong forbund og ordførar helsa koret i etterkant av messa. Økonomisk vart messa mykje dyrare enn planlagd, då musikarar måtte få kompensasjon for alle utsetjingane.

Sanctus gjennomførte og salmekveld i slutten av september, stoff frå salmebok vart presentert saman med tre jazzmusikarar (Ørjan Lægreid, Marius Sjo og Øystein H.Aadland). Kantor Bjarte Aadland leia dei frammøtte gjennom salmekvelden. I samband med Sanctus må det og nevnast at koret slit med rekruttering, koret er ikkje fleire enn det som trengst. Det kan og nevnast at koret hadde uteøvingar på kyrkjetrappa i slutten av mai grunna dåvernande koronareglar.

Hausten 2021 vart i det heile meir normal enn våren kva korona angår. Fleire musikkarrangement vart gjennomførte, t.d.flott konsert med Sagvåg musikklag under leiing av Håvard Kroka i slutten av november. Mange av musikarane i musikklaget hadde og soloar i denne konserten. Ingjerd K.Kolstad og kantor Aadland hadde og innslag i konserten som hadde mange tilhøyrarar. Reidar Ådnanes var glimrande konferansier. Sagvåg musikklag var og med ved gudsteneste 5.september. Elles hadde og Sunnhordland kammerorkester og Stord con Spirito konsertar i kyrkja i november. I desember var det planlagt tradisjonell julekonsert og 30-årsjubileumsgudsteneste i Nysæter kyrkje, Her skulle fleire musikklag, musikarar og kor ta del, men slik vart det ikkje. Rett før gjennomføring vart samfunnet i stor grad nedstengt att, dermed gjekk julekonsert i vasken og jubileumsgudstenesta vart utsett. Kulturskulen sin tradisjonelle julekonsert vart og avlyst. Jula vart dermed spesiell nok ein gong, påmelding og max 50 tilstades er noko stussleg. Fiolinist og bratsjist (Aron Bjelland og Sigurd H.Aadland) julafta og trompetist (Rune Koppang) 1.juledag tok del musikalsk saman med kantor.

Elles kan konfirmasjonar i månadsskiftet august/september nevnast, dette vart gode samlingar der trumpetist (R.Koppang) og songsolist (Synnøve H.Leseth) tok del. Ved nokre høve var kulturskuleelevar med og spela/song ved gudstenester, t.d. fiolingjeng under leiing av Alise Jonassen sist i oktober, pianoelev (Noah Andre F.Nicholls) sist i november, og songelev (Amalie H.Brekke) sist i september, men dette vart gjort i mykje mindre omfang enn ved eit normalår. Til sist må nevnast at salmesongen i Nysæter kyrkje er svært god og inspirerande, faktisk også når det ikkje er så mange i kyrkja. Det er fint!

Årsmelding Sanctus 2021

Styret har i 2021 vore samansett som følgjer:

Jens Arne Stautland, Inger Johanne Moe, Arne Fyllingen, Berit Marie Nesse, Bjarte Aadland.

Vararepresentantar: Gunnlaug Hystad, Gunnar Nysæter. Valnemnd: Marit Grip og Sverre Olav Lundal. Dirigent for koret er Bjarte Aadland. Styret har hatt 7 styremøter i 2021. Øvingane har vore i Nysæter kyrkje.

2021 starta med at nasjonale myndigheter frarådde fritidsaktiviteter for vaksne innandørs. Me avventa situasjonen dei første vekene i det nye året og følgde med på nasjonale og lokale oppdateringer.

Aktivitetar i året 2021:

Hovudfokuset i 2021 var å klara å gjennomføra jubileumskonserten (25 år i 2019)

- Onsdag 24. mars: Årsmøte
- Søndag 1. påskedag: deltaking med forsong på påskesong (digital gudsteneste)
- Søndag 13. mai – Kristi Himmelfartsdag: deltaking med forsong på friluftsgudsteneste i gapahuken i Hustrudalen
- Onsdag 19. mai: første øving våren 2021, utandørs v/utedøra til Nysæter kyrkje, koristane vart oppmoda om å kle seg godt og å ta med seg stol
- Onsdag 1. september: oppstart haustsemester
- Søndag 19. september: delteke på friluftsgudsteneste på Nautøy
- Søndag 26. september: delteke på salmekveld i Nysæter kyrkje
- Søndag 7. november: Jubileumskonserten «Messe for en såret jord»
Flott omtale i Bladet Sunnhordland mandag 1.11. Viser elles til programmet som vart laga til konserten når det gjeld konsertinnhald, namn på deltakarar, sponsorar, osb. (sjå vedlegg). På konserten var det inviterte gjester frå Stord kommune v/ordførar Gaute Epland, Norges Kirkesangforbund (NKSF) v/Ragnhild Hadland og Bjørgvin Kirkesangforbund (BKSF) v/Eli Johanne Rønneklev. I tillegg at desse helsa koret med velvalde ord og gratulasjonar, helsa også Soknerådet i Nysæter kyrkje v/Oddbjørg Løkling.

Sanctus vil spesielt i år retta ein stor takk til Bjarte, dirigenten vår! Dirigenten er optimistisk og motiverande i ei tid då nasjonale/lokale forskrifter/anbefalingar skifter raskt.

I år er koret spesielt takknemlig for at jubileumskonserten kunne la seg gjennomføra, med unge, gode, inspirerande innleigde musikarar/solist, samt solide songarforsterkningar!

Styret ser fram til korfellesskapet i 2022, slik at me kan få gjennomført dei aktivitetane som er blitt utsette på grunn av pandemien. Songfellesskap er godt for folkehelsa, spesielt i ei tid med nedstengningar og lite kulturaktivitet å velja i!

Stord, 31.12.2021 - Styret i Sanctus (dette er ei forkorta utgåve av årsmeldinga til Sanctus)

Årsrapport Diakoniutvalet 2021.

Året 2021 har vore eit år prega av coronapandemi, som har gitt lange periodar med restriksjonar og nedstengningar. Dette har, som i 2020, prega og avgrensa den diakonale tenesta i 2021.

Diakoniutvalet er eit felles utval for Nysæter og Stord sokn. Utvalet har i 2021 bestått av: Ingebjørg Grønsdal og Marta Kristin Valvatne frå Nysæter sokn, Signe Wiersen Vorland og Dagfinn Koppang frå Stord sokn. Diakonimedarbeidar Hjørdis Heggland var i teneste fram til 18. mars, då ho vart sjukemeldt. Soknediakonen er fast medlem og skrivar i utvalet.

I 2021 har diakoniutvalet hatt 4 møter. Diakoniutvalet har hatt fine utvalsmøter der ein har reflektert og snakka om kva som bør prioriterast innan diakonien, om ynskjelege oppgåver samt erfaringar frå eige liv og diakoni i kvardagen

Diakoniutvalet sine oppgåver i 2021:

- Open kyrkje i Stord: Diakoniutvalet hadde open kyrkje 6 gonger i 2021. Å arrangera open kyrkje blei eit godt tiltak i pandemien, då mange andre arrangement vart avlyste og «sett på vent». Utvalet valgte å ha open kyrkje i Stord på kvelden Allehelgensdag, som eit tilbod i kyrkja på ein dag då det er tradisjon for i minnast dei som er gått bort.
- Deltaking på fagdagar om frivillighet: Diakoniutvalet var 5.-6. februar med på fagdagar om frivillighet i Nysæter kyrkje.
- Minnegudsteneste 2. juledag: Diakoniutvalet deltok under minnegudstenesta 2. juledag i Stord kyrkje. Gudstenesta var for både Nysæter og Stord sokn.
- Blomehelsing: Nokon i utvalet har ved nokre anledningar gått med blomehelsing til pårørande etter dødsfall.

Oppgåver for soknediakonen 2021:

Diakonen har ein administrativ jobb og det blir ein del kontorarbeid med førebuingar og planlegging. I periodar har det vore rett med heimekontor grunna coronapandemien.

Soknediakon Olaug Irene Gloppen si teneste har i 2021 vore variert og innhaldsrik. Eit godt år for å gjera seg kjend med tidlegare arbeid og kva som er av tankar og kultur i sokna. Det er ikkje lett som diakon å prioritera rett i møte med alle behov og ynskjer. Mange prioriteringar må gjerast. Coronapandemien har begrensa ein del oppgåver også i 2021.

- Besøksteneste/blomehelsing
- Besøk institusjonar
- Sorgarbeid
- Sjelesorgsamtaalar
- Deltaking i IKF
- Nattverdssamlingar på Stord sjukeheim
- Soknebod
- Båreandaktar
- Andaktar på institusjonar
- Deltaking på gudstenester
- Arbeidsgruppe/frivilliggruppe kyrkjelydane
- Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon
- Julevandringar

Diakoni er Kyrkja sin «livspust», - som eit fellesskap mellom dei som trur og i misjonsoppdraget til alle folk. I både Nysæter og Stord sokn er det mykje som skjer. Diakonien, kyrkja si omsorgsteneste, er tilstades både i trusopplæringa, i gudstenestelivet, i alt fellesskapsbyggjande arbeid, i diakoniutvalet sitt arbeid, i arbeidet for innvandrarar m.m. Kyrkjelydane bør vera bevisste på dei gode diakonale tenestene som er tilstades. Det skjer mykje kvardagsdiakoni.

Diakonen vil fortsetja med å legga planar for diakonien i Nysæter og Stord sokn. Samtidig er det viktig med rom for «ikkje-planlagte» tidsrom, for samtalar, sjelesorg og sorgarbeid.

Guds velsigning over den diakonale tenesta i Stord og Nysæter sokn.

Med helsing
Olaug Irene A. Gloppen

Årsmelding Trusopplæringa 2021

På same måten som dei nyfødde må læra livet å kjenna, må borna læra å kjenna den trua dei er døypte til. Det er bakgrunnen for at me driv trusopplæring i kyrkja.

Dei to siste åra har vore prega av koronapandemi, smittevern, uforutsigbarheit og restriksjonar. Me har hatt eit mål om å «halda hjula i gang» i trusopplæringa, og retta oss etter dei til ein kvar tid gjeldande smittevern-reglar og tenkt alternativt mtp gjennomføring av samlingar når det har vore naudsynt. Første halvår blei mange av samlingane gjennomført som reine utearrangement, nokre gonger og kohortvis, mens andre samlingar blei gjennomført inne med stort fokus på smittevern. På hausten letta smittevern-restriksjonane såpass at me kunne ha samlingar inne.

Tilsette i trusopplæringa:

Elisabeth V Fauskanger 100% stilling, Anne Brandvik Nilsen 90% stilling, Brynhild Meyer Stautland 60% stilling første halvår og Ingvild Baugstø Almås 100% frå 1.august. Brynhild blei takka av og Ingvild og Anne blei innsett som kyrkjelydspedagogar i Nysæter kyrkje søndag 24.oktober.

Fysiske samlingar i trusopplæringa

I samarbeid med frivillige medarbeidarar, Nysæter søndagsskule, sokneråd, sokneprest, ungdommar og trusopplæringsutval blei det i 2021 invitert til og gjennomført følgjande trusopplæringstiltak;

T0 Trilletur og Mat og prat med babysong

I vårhalvåret blei det invitert til trilletur med lunsjpause annakvar måndag. Turane starta med kyrkja, og gjekk i nærområdet. Tid til prat og sosialt fellesskap, men utan songstund. På trilleturane var det 3 under eit år og 2 eit åringar frå Nysæter som deltok. Det tilsvarar 12% oppslutning blant dei minste og 10% av 1-åringane.

Frå hausten av har det vore mat og prat med babysong annakvar måndag med song, regler, servering av lunsj og prat. Det har vore 15 små på babysong, det tilsvarar 58% oppslutnad blant born under 1 år.

T 1-6 Utesong og Open kyrkje

Samling med song, bibelforteljing, servering av pølse i brød og leik for born i alderen 1-6 år med familie annakvar tysdag. I vårhalvåret var desse samlingane utandørs, på hausten inne i kyrkja. Samlingane har hatt eit samla frammøte på 30 born, noko som utgjer 13% av dei døypte borna i denne aldersgruppa.

T 4 Familiegudsteneste med utdeling av 4 årsbok

Familiegudstenesta med utdeling av barnebibel til fireåringane fann stad 31.oktober. Det blei delt ut bøker til 19 jenter og gutter, eller 47% av fireåringane i soknet. Dette tiltaket blei gjennomført i samarbeid med Nysæter søndagsskule. I gudstenesta deltok og fleire unge strykarar frå kulturskulen.

T 6 Førsteklasses

Førsteklasses er eit tiltak planlagt med middagservering og familiegudsteneste for 6 åringane. I 2019 vart dette gjennomført for første gong. Dei to siste åra har smittevern-restriksjonar gjort gjennomføring av middagservering vanskeleg. Familiegudsteneste med utdeling av Sakkeusbok til 6 åringane blei gjennomført 26.september. 4 6 åringar kom, dvs eit frammøte på 10% av 6 åringane. I gudstenesta var det flott song av elev frå kulturskulen.

Aktivitetsdag med skulefri

På skulane sin fridag 12.november inviterte me for andre gong 1.-3.klassingane til aktivitetsdag i kyrkja på dagtid. Dagen starta med frukost, før det var ulike samlingar og aktivitetar. Fleire i staben og nokre frivillige medarbeidarar var med og gjorde dette til ein fin dag. Det var 33 born som deltok.

T 7-10 Gud skapar – me tek vare på

«Gud skapar – me tek vare på» var overskrifta på eit nytt tiltak i 2020. I 2021 har me hatt samlingar og blant anna sådd frø og hatt tema om forureining/plast i havet. 13 stk, eller 8% av borna i målgruppa deltok.

T 9 Tårnagenthelg

Tårnagenthelga vart gjennomført som eit reint utearrangement laurdag 14.februar. Pga smittevernreglar og kohortkrav blei born frå dei ulike skulane invitert til samling på ulike klokkeslett. 10 9 åringer deltok på tårnagentsamlinga, noko som utgjer 20% av 9 årингane.

T 10-13 Skattejakt i bibelen

I 2020 inviterte me for første gong til samling for denne aldersgruppa med overskrifta «Like myke verdt» og fokus på misjonsprosjektet i Estland. Tanken er å veksla på tema frå år til år, og i 2021 var tema for same aldersgruppe Skattejakt i bibelen. Samlinga blei gjennomført med ulike stasjonar 12.mars og 20 barn deltok, det utgjer 16% av døypte i denne aldersgruppa.

T 11 Lys vaken

Etter eit år utan overnatting var det kjekt å kunna invitera til «full-skala» lys vaken igjen. Lys vaken blei arrangert 28.-29.november med 13 deltakarar og mange kjekke aktivitetar, mat, overnatting i kyrkja og deltaking på familiegudsteneste. Lys vaken hadde eit frammøte på 31%.

T 12-16 Her & Der

Dette var eit nytt tilbod i trusopplæringa hausten 2021 og er felles for Stord og Nysæter. Her & Der er samlingar med ulike aktivitetar, på ulike stader, første måndag i månaden. Trusopplæringsutvalet er aktivt med som leiarar. Frå Nysæter var det 17 ungdommar, eller 10% i målgruppa, som var med på Her & Der.

T 14 Konfirmasjon

Konfirmantkullet 2020/2021 hadde sine samlingar i kyrkja rett etter skuletid på tysdagar. Som med alt anna i kyrkja blei våren prega av korona og for konfirmantane. Nokre samlingar blei gjennomført fysisk, noko blei gjennomført digitalt og noko blei avlyst. 15.mai var det konfirmasjonsgudsteneste for 3 konfirmantar, mens det helga 28. og 29.august var konfirmasjonsgudstenester med 31 konfirmantar. Deltakinga til konfirmasjon var 76%. 25.august var det ei felles avslutning for alle konfirmantane i Stord og Nysæter, ein kjekk kveld i kyrkja med besøk av Thor Haavik og grilling etterpå.

For konfirmantkullet 2021/2022 starta hausten med digital sending frå nemnte kveld med Thor Haavik. Koronautbrudd og smittevern var årsaken til dette. Me reiste på oppstartstur til Solgry 31.august og hadde ein kjekk ettermiddag med ulike aktivitetar. Konfirmantane har sine samlingar i kyrkja på tysdagar. Presentasjonsgudstenesta var 24.oktober og lysmassa 5.desember. Det er 27 konfirmantar dette året i Nysæter.

T 15-18 Vegen vidare

I vår var det gjennomført MILK (mini-leiarkurs) med 6 deltagarar, der 2 av deltagarane høyrer til i Nysæter. Ungdommane deltek og som leiarar i trusopplæringa. I haust har det ikkje vore liknande kurs.

Deltaking på gudstenester

I løpet av 2021 deltok dei tilsette i trusopplæringa på mange gudstenester; både strøyma, utandørs i Vidstenparken og ved gruvene på Litlabø og inne i kyrkja. Fleire gudstenester er knytt til konfirmasjonstida, med konfirmasjonsgudstenestene som høgdepunkt. Elles er nokre familiegudstenester knytt til samlingar i trusopplæringa, mens andre ikkje er det.

Frivillige medarbeidarar

Frivillige medarbeidarar er gull verdt i trusopplæringa. I 2021 var det 40 frivillige medarbeidarar som deltok på dei ulike T-dagane, på familiegudstenester og i konfirmantarbeidet. Både me som er tilsette i trusopplæringa og dei andre tilsette som samarbeider med frivillige vil retta ei stor takk til alle som på ulike måtar er med og bidreg i trusopplæringa i kyrkja.

Unge medleiarar

Me ønskjer unge frivillige medarbeidarar med som leiarar i samlingane både i trusopplæringa og på familiegudstenester. Dei bidreg på ein strålande måte.

Gjennom eigne sosiale samlingar for dei unge frivillige medarbeidarane i trusopplæringa, felles for Nysæter og Stord er målet eit sosialt fellesskap for unge medleiarar. I juni 2021 var me på kjekk tur saman til Huglo med grilling, leik og bading. Me håpar på fleire fleire slike samlingar når det etterkvart blir meir stabilt mtp korona.

Trusopplæringsutval

Trusopplæringsutvalet er felles for Stord og Nysæter og består av 2 representantar frå kvart sokn og einingsleiar. Frå Nysæter sokn er Oddbjørg Løkling og Katrine Valvatne Kvernernes med.

Trusopplæringsutvalet har i 2021 hatt 5 møter og handsama 19 saker. Trusopplæringsutvalet arbeider godt saman.

Oppsummering og tankar for 2022.

Dei to siste åra har vore ei lang «unntakstid» der koronapandemien og alt den har ført med seg har lagt føringar for mye av arbeidet i trusopplæringa i kyrkja. Me har kjent på eit brent spekter av kjensler – frå frustrasjon og resignasjon til kreativitet og initiativ. Me håpar at 2022 bringer med seg meir stabilitet og ro.

Ein stor takk til alle villige hender og føter og alle som på ulike måtar er med og bidreg i trusopplæringa i kyrkja. Det er mange som gjer av tida si og som har eit stort hjarte for born og unge i Sagvåg og på Litlabø.

Saman skal me arbeida for at barn og vaksne kan kjenna seg heima i Nysæter kyrkje. Saman ønskjer me ei kyrkje med rom for initiativ og mangfold av aktivitetar, og ei kyrkje der tilsette og frivillige trives. Nysæter kyrkje skal vera ein heim for alle. Ei kyrkje der me kan finna tru, håp og kjærleik i Guds hand.

Elisabeth V Fauskanger
Einingsleiar trusopplæring

Rapport frå Kyrkje-skule/barnehage samarbeid

Dei tilsette i trusopplæringa samarbeider med skulane og barnehagane i Sagvåg om fleire ulike møtepunkt i løpet av året.

Påskevandring for 1.klassingane var planlagt, men måtte avlysast då koronaen blomstra på Stord i vekene før påske. Det same skjedde med skulegudstenestene før jul, dei måtte og avlysast i siste liten. Det blei i staden laga fin film med julehelsing frå kyrkja som blei sendt barneskulane i Sagvåg og Litlabø.

Julevandringane med alle barnehagane blei gjennomført som planlagt, og det var kjekt.

Elles hadde me besøk frå skuleklassar som fekk undervisning om blant anna overgangsriter, Paulus og kyrkja si rolle i samfunnet. Dette er undervisningsopplegg som blir tilpassa det enkelte trinn og utifrå dagens læreplan. Av og til er me i kyrkja og av og til kjem me ut i skulane. I Nysæter kyrkje hadde me 1 slikt besøk.

Rapport frå "Etter skuletid"

Hausten 2021 blei det, på initiativ frå frivillige medarbeidarar i kyrkja, starta opp tilbod om leksehjelp og lekselag for elevar ved Nysæter ungdomsskule i kyrkja kvar måndag mellom kl. 14.00 og 16.00. Eit tilbod som har blitt tatt godt imot og som samlar i gj.snitt 20 ungdommar kvar gong.

Konto	Konto(T)	Beløp	Budsjett	Avvik
NYSÆTER				
11102	Kyrkjemusikalsk arbeid ved kantor	22 450,00	30 000,00	7 550,00
11106	Barne- og ungdomsarbeid (ikkje trusopplæring)	4 679,00	25 000,00	20 321,00
11107	Lokale diakonale tiltak	0,00	25 000,00	25 000,00
11201	Velferdstiltak, gåver ol	996,00	4 000,00	3 004,00
11202	Mat, serveringsutgifter, kyrkjekaffi ol	3 605,00	20 000,00	16 395,00
11207	Diverse andre utgifter	0,00	8 000,00	8 000,00
11301	Gebyr bank	3 674,18	0,00	-3 674,18
11400	Annonser	5 445,00	5 000,00	-445,00
11401	Kyrkjelydsblad, flyers, info	15 000,00	15 000,00	0,00
11500	Kurs, Døgnet ol	1 800,00	5 000,00	3 200,00
11501	Arrangementsutgifter	4 279,00	10 000,00	5 721,00
12000	Innbu, utstyr, bøker	0,00	5 000,00	5 000,00
14401	Overføring trusopplæring/ diakon/ eigenbet til FR	8 859,00	28 000,00	19 141,00
14650	Takkeoffer til eksterne organisasjonar	42 956,00	45 000,00	2 044,00
14651	Offer/ innsamling til fasteaksjonen	0,00	35 000,00	35 000,00
14652	Misjonsprosjektet	27 795,00	35 000,00	7 205,00
14653	Basarutgifter, innsamlingsutgifter	8 148,00	0,00	-8 148,00
	Sum utgifter	149 686,18	295 000,00	145 313,82
16109	Deltakarbetaling	-5 200,00	-5 000,00	200,00
16200	Arrangement med billettinntekter	0,00	-10 000,00	-10 000,00
16201	Inntekt basar	-109 428,03	-40 000,00	69 428,03
16202	Arrangement utan billettinntekter	-4 260,00	-20 000,00	-15 740,00
18600	Takkeoffer til kyrkjelydsarbeidet	-87 029,00	-35 000,00	52 029,00
18601	Takkeoffer til diakonarbeidet	-3 276,00	-8 000,00	-4 724,00
18602	Takkeoffer til trusopplæringa	-5 594,00	-15 000,00	-9 406,00
18604	Takkeoffer til kyrkjemusikals arbeid	-5 600,00	-10 000,00	-4 400,00
18606	Takkeoffer til barne- og ungdomsarbeid	-4 565,00	-12 000,00	-7 435,00
18650	Takkeoffer til eksterne organisasjonar	-47 625,00	-45 000,00	2 625,00
18651	Takkeoffer/ innsamling fasteaksjonen	0,00	-35 000,00	-35 000,00
18652	Takkeoffer/ innsamling misjonsprosjekt	-32 870,00	-35 000,00	-2 130,00
18700	Tilskot/gåver frå andre	0,00	-25 000,00	-25 000,00
19000	Renteinntekter	-2 960,00	0,00	2 960,00
	Sum inntekter	-308 407,03	-295 000,00	13 407,03

Overskot

-158 720,85

Rekneskapet er kun retningsgivande, det kan verta endringar.

